



Sak nr 33/2010

Møtedato: 25.8.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S840

S 840, Fauskehaugen - søknad om tilbygg på sel

Egil Snortheimsmoen søker om å få føre opp ein gang på selet. Tilbygget måler 1,65x4m, 6 m² (BRA). Selet er frå før på ca 45 m² (BRA).

Stølen blir i dag leigd bort saman med jordvegen heime. Stølen er derfor å rekne som i bruk etter fjellova. Snortheimsmoen har opplyst at han skal starte opp med mjølkeproduksjon og dette er stadfesta av landbrukskontoret. Han vil i løpet av vinteren koma tilbake med søknad om bygging av nytt fjøs.

Bygging på støl blir regulert i stølsforskrifta etter følgjande reglar:

§ 10. Om søknad om å setje opp, utvide og endre hus

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Søknaden er sendt Oppland fylkeskommune og Statskog til uttale.

Statskog skriv følgjande i brev datert 24.8.10:

.....Stølen regnes for å være i bruk, og skal behandles etter seterforskriftens § 10 hvor fjellstyret avgjør behovet for bebyggelse for en rasjonell utnyttelse av utvist seter.

I skrivende stund er vi orientert om at gjenopptakelse av mjølkeproduksjon på gård og støl er planlagt i samarbeid i samråd med kommunens landbrukskontor. Og at det i den forbindelse også vil bli søkt om oppføring av nytt fjøs på stølen.

Forutsatt gjenopptakelse av mjølkeproduksjon på stølen ser vi behovet for utvidelse av eksisterende sel som i henhold til seterregisteret er 50 m², og vi tilrår i så fall fjellstyret å innvilge tilbygget som omsøkt.

Oppland fylkeskommune gir i e-post datert 25.8.10 følgjande uttale:

Tilbygget virker stort i forhold til hyttas volum, men prinsippet med en sval er i samsvar med tradisjon.

Tegningene viser en total endring av bygningens karakter, fra enkelt sel til hyttepreg. Dette kommer bl a til uttrykk i vindutsifting, panel og utskårne hjørnestolper og breie vindskier. Kan ikke anbefales hvis man ønsker å ta vare på stølsbebyggelsen og det særpreget den har med enkle bygg.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskriftene på vilkår av at utforming blir i samsvar med merknader frå Oppland fylkeskommune. Reviderte teikningar skal oversendast fjellstyret.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 31.9.10

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Egil Snortheimsmoen
Statskog
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskommune